



Sverre Nesse
Seimsstranda 483
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2474 - 14/23308

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
16.10.2014

Utsleppsløyve for bustad på gbnr 177/21 Nesse.

Administrativt vedtak. Saknr:

Tiltakshavar: Laila og Sverre Nesse
Ansvarleg søker: Majo Eigedom AS (byggjesaka)
Type utslepp : Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50 pe
Søknadstype: Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-5

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve for nyleg godkjend oppført bustad på gbnr 177/21. Avlaupet skal reinsast i biologisk/kjemisk reinseanlegg før det vert ført vidare til grøft, som eksisterande avlaupsanlegg frå gbnr 177/6 vert ført til. Grøfta går til bekk og vidare til sjø slik vist på situasjonskart datert 18.06.2014. Storleiken til utsleppet er oppgitt til 4 pe, medan anlegget sin kapasitet er oppgitt til 10 pe. Det er planlagt at bustad på hovudbruket, gbnr 177/6, skal kunne koplast til anlegget i framtida. Det vert elles vist til søknad mottatt 13.12.2013 med supplerande dokumentasjon seinast mottatt 25.06.2014.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område som i kommuneplanen sin arealdel er avsett til LNF-føremål. Det er søkt om og gitt dispensasjon for oppføring av bustad i vedtak datert 16.05.2014. Administrasjonen føreset at etablering av avlaupsanlegg også er omfatta av den gitte dispensasjonen.

Nabovarsel

Partar og andre som vert råka av utsleppet er varsla og er gjeve høve til å uttale seg innan fire veker frå varsel er sendt, jf. forureiningsforskrifta § 12-4 nr 2.



Det har ikkje kome merknader til søknaden.

Plassering

Plassering av anlegget og utsleppsstad er vist i kart i målestokk 1:500 datert 18.10.2013 og 1:2000 datert 18.06.2014, jf. forureiningsforskrifta § 12-14 nr 1 d.

Reinseløysing

Det skal nyttast biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Biovac. Anlegget tilfredsstillar NS-EN 12566-3. Omsøkte reinseløysing stettar krav til utsleppsstad i følsamt/normalt område med brukarinteresser.

Privatrettslege tilhøve

Anlegget skal plasserast på gbnr 177/6 som tiltakshavar også eig.

Det ligg føre avtale datert 14.10.2013 der gbnr 177/6 gjev gbnr 177/21 rett til å etablere avlaupsanlegg over eigedomen og til å vedlikehalda dette.

Drift og vedlikehald

Det ligg ikkje føre serviceavtale om drift og vedlikehald av anlegget.

Naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen finn at tiltaket ikkje vil koma i konflikt med naturmangfaldslova og dei omsyna den skal ivareta. Det er ikkje kjend at det er interesser i området som krev særskilde tiltak.

VURDERING

Søknaden om utsleppsløyve kan etter kommunen si vurdering godkjennast slik den ligg føre.

Det er eit vilkår for utsleppsløyvet at anleggseigar inngår serviceavtale for drift og vedlikehald av anlegget, jf. forureiningsforskrifta § 12-14 nr 1 c. Slik avtale skal liggja føre før det vert gjeve bruksløyve/ferdigattest.

Godkjenning etter andre lovverk

Etablering av avlaupsanlegget etter plan- og bygningslova § 20-1 er godkjend i vedtak datert 16.05.2014.

VEDTAK:

Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta §§ 12-3 og 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve for utslepp frå bustad på gbnr 177/21 i samsvar med søknad mottatt 13.12.2013, supplerande dokumentasjon seinast mottatt 25.06.2014, og på følgjande vilkår:

- 1. Avlaupet skal reinsast i biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Biovac før det reinsa avlaupsvatnet vert ført til eksisterande grøft/bekk.**
- 2. Anlegget skal plasserast slik vist på kart datert 18.10.2013 og 18.06.2014.**
- 3. Reinseanlegget skal plasserast slik at det kan driftast og vedlikehaldast av godkjend føretak.**
- 4. Det skal dokumenterast at det er inngått serviceavtale om drift og vedlikehald av anlegget før det vert gitt mellombels bruksløyve/ferdigattest.**

5. Eigedomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna fellesleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.
6. Eigar av utsleppet er ansvarleg for eventuell forureining frå anlegget, jf forureiningslova §§ 7.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klaga på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

Bortfall av løyve

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller dersom arbeidet vert innstilt i lengre tid enn to år, fell retten til å etablere utsleppet vekk. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn, jf. forureiningsforskrifta § 12-5, fjerde ledd.

Ferdigstilling

Når arbeidet med etablering av avløpsanlegget er ferdigstilt skal den ansvarlege for arbeidet skriftleg melde i frå til kommunen at anlegget er etablert og arbeidet utført i samsvar med dette løyvet. Samstundes skal det senast inn stadfesting for montering frå det føretaket som har levert anlegget, og serviceavtale for drift og vedlikehald.

Plassering av anlegg, samt leidningsanlegg med kummar, knekkpunkt og utsleppspunkt skal innmålst og koordinatar skal sendast kommunen, seinast ved førespurnad om mellombels bruksløyve/ferdigattest.

Anlegget, eller nokon del av det, kan ikkje takast i bruk før det ligg føre mellombels bruksløyve eller ferdigattest etter plan- og bygningslova.

Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet

Kommunen er forureiningsstyresmak og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekke kostnad knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheva eller endra vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18, jf. forureiningsforskrifta § 12-14.

GEBYR

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste (gjeldande for 2013) vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
G.2.1a	Utslepp< 15 pe	1	kr 4 000,-
	Totalt gebyr å betala		Kr 4 000,-

Klage over gebyr

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunnngjeven.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/2474.

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Majo Eigedom AS

Lindåsveien 154 5914

ISDALSTØ

Mottakarar:

Sverre Nesse

Seimsstranda 483 5912

SEIM